
Opplysningar om garden og drifta

Per og Kari Sauegarden bur i ei bygd på Vestlandet. Dei har ein son på 15 år og ei dotter på 17 år. Her har dei ein gard på 190 mål med fulldyrka eng og 131 mål med innmarksbeite. Garden ligg ca 300 m.o.h. Her driv dei med sau i eit uisolert fjøs bygd i 2016. Det er Per som jobbar mest med sauen, men heile familien trår til når det er arbeidstoppar i f.eks lamminga. Både Per og Kari har 80 % jobb utanom garden

Fjøset er eit uisolert storbingefjøs, bygd for 240 søyer som er delt i tre storbingar med kvar sin kraftfôrautomat og islandsk fôrkasse. Fjøset har naturleg ventilasjon med opphøya møne og luftinntak med vindbremseduk i sideveggane. Det er drenerande plastgolv og drenerande holrister ved fôrkassene. Fôrkassenen blir fylt med ein takhengt TKS fôrvogn. Langs med veggane er det muligheit for å sette opp lammingsbingar. I lammingsbingane er det drikkeniplar for vatn, medan grovfôr og kraftfôr blir gjeve manuelt i bingane.

Her er teikning av fjøset:



Ca 70 dekar av enga og kulturbeitet blir brukt til vårbeite. Alt fulldyrka areal blir hausta to gonger i rundballar, også enga som blir vårbeita, om det er ein god vekstsesong. Alt areal blir beita om hausten. Han har ca 4-5 års omløp på enga. Det blir gjødsla både før beiting og før kvar slått. Haustetida for fyrsteslåtten er rundt skyting, og andre slåtten har litt varierande haustetid, kjem an på været. Per plar å ha rundt 480 rundballar med fyrste og andreslått etter ein god vekstsesong.

Per og Kari ser an kvaliteten på haustbeitet, men set inn påsettlamma for vinteren ca midten av oktober. 2 åringar og eldre søyer blir sett inn etter sanking og fôra med noko sein hausta grovfôr. Så får dei også kome ut igjen i på 1-3 veker med haustbeite før dei blir sette inn for vinteren. Når Per plukkar ut påsettlam, ser han fyrst og fremst på indeksar, særleg høg indeks for vårvekt morsevne. I tillegg må mødrene gå i rette

beiteområdet. Påsettlamma må også vege minst 40 kg ved sanking. Når det gjeld avlsverar, kjøper han dei frå vereringen. Også her har han fokusert på at vêrane skal ha god indeks for vårvekt morsevne, men han har dei siste åra også lagt meir vekt på slaktevekt og slakteklasse.

Når søyene skal bli bedekte, blir fjøset delt opp i sju bingar, 5 med NKS sau og 2 med spælsau. Verane blir sleppte med merkepute og kvar kveld blir det notert kva søyer som er bedekt. Etter 17 til 20 dagar bytter verane binge.

Elles i året er fjøset delt i tre storbingar. Kvar storbinge tek rundt 75-80 søyer. I den eine bingen går påsettlamma og dei minste to-åringane. Per klypper sauene sjølv rundt 1. november og rundt 1. mars. Ved november-klyppen blir også holdet (feittmengda på søyene) vurdert. I den daglege drifta gjennom vinteren, går Per rundt i bingane og ser på holdet. Han har kraftfôrautomat og kan difor justere kraftfôrmengda individuelt. Han har også ein binge med vanleg fôrbrett (mot hjørnet der det er kontor/vaskerom osv). Her kan han setje søyer som ikkje passar i fôrkasse/kraftfôrautomat-systemet. Det kan for eksempel vera søyer med dårlege bein og/eller er veldig store pga mange foster.

Den 23. januar kvart år kjem fosterteljaren på besøk.

Grovfôret blir gjeve etter appetitt i Islandsfôrkassene. Per startar med å fôre andreslått frå innsett og til ca mars, og fyrsteslått resten av innefôringsperioden. Han sørger for å sortere ut nokre godt fortørka rundballar til dei siste vekene før lamming. Han har også sortert ut noko tidleg hausta fyrsteslått til lammingsperioden. I alle bingane er det tilgang på mineralbøtte og salt. Dei vaksne søyene får ca 0,3 kg Formel sau normal før og i paringa. Etter paring får dei vaksne søyene ikkje kraftfôr før ca 1 månad før lamming. Påsettlamma får 0,5 kg kraftfôr gjennom heile vinteren. Kraftfôret blir trappa opp mot lamming slik at søyer med to foster står på ca 0,7 kg kraftfôr og søyer med tre og fleire foster får 0,9 kg kraftfôr ved lamming og fram til beiteslepp.

Frå midten av april og til midten av mai er det full fokus på lamming og vakt i sauefjøset døgnet rundt. Når ei søye lagar seg til lamming, kjenner dei etter at lammet ligg rett. Dei gjev aktiv fødselshjelp ved behov og når mange søyer lammar samstundes. Dei mjølker søyene og sørger for at alle lam får ei dose med råmjølk. Før lamming er det laga lister på kven av søyene som er gode nok mjølkarar til å greie tre lam og kven som berre har nok mjølk til to lam. Dei har kopplambinge i fôrsentralen med halm. Kopplamma blir flytta over til kopplambingen etter to til tre dagar. I kopplambingen er det mjølkeautomat og kopplamma får mjølkeerstaning til dei er ca 15-20 kg. Dei prøver også å adoptere bort lam til dei søyene som kjem med eit lam. Etter ein til to dagar i enkeltbinge, så blir søyene sleppt ut i storbingen att. Dei har laga seg eit eige merkesystem med merkepenn for å halde styr på kva søyer og lam som høyrer i lag. Det er laga utebingar til kvar innebinge, slik at søyene kan gå ut å lufte seg når det blir fint vær utover våren. Søyer som går med tre lam blir flytta ut i eit gamalt kufjøs på talle, med appetittfôring med surfôr og Formel sau fiber.

Søyene blir sleppt på vårbeite rundt 10. mai. Ca ei veke etter beiteslepp blir lamma behandla mot koksidiose. Ca 1. juni blir søyene sleppte på utmarksbeite. Da blir lamma vegne og behandla for innvortes og utvortes parasittar. Dei får også sett på bjøller og ca 150 av søyene er også utstyrt med GPS-sporing. Utmarksbeitet startar berre ca 300 meter frå fjøset. Grupper på 20-30 søyer med lam blir sleppte samstundes. Utmarksbeitet er eit kombinert skogs- og fjellbeite som går heilt opp til 1500 m.o.h. Per og Kari har observert ein del kongeørn i beiteområdet sitt.

Hovudsanking er siste helga i august og så er det ettersank utover heile hausten. Dei plukkslaktar lam etter veging, søyelamma skal vege ca 41-42 kg og verlamma minst 44 kg, er ein i tvil så kjenner dei også på holdet. Lam under 35 kg blir sett inn på innefôring og appetittfôring med Formel lam vekst frå ca 1. september. Resten av slaktelamma blir sluttfôra på håbeite og det er plukkslakting kvar veke utover hausten. Dei er med i lammering saman med 13 andre Nortura-sauebønder.

Per og Kari har to gjetarhundar, og dei meiner det er like viktig som traktor i sauedrifta.

Spørsmål 1

Gå igjennom det du får vite om garden og drifta hjå Per og Kari Sauegarden. Skriv litt om den faglege bakgrunnen for tiltaka Per og Kari gjennomfører gjennom eit saueår. Gå igjennom utskriftene frå Sauekontrollen og finn resultata dei kan vera godt fornøgde med og årsaker til det. Finn også område dei bør jobbe med for å bli enda betre sauebønder, og kom med forslag til tiltak for å få enda betre resultat.

Per og Kari er spesielt opptatt av at sauene skal ha god dyrevelferd og ha god helse. Ha difor gjerne spesielt fokus på dette i denne gjennomgangen.

Spørsmål 2

Per og Kari leverer slaktedyra sine til Nortura. Dei grunngjev dette med at:

- Nortura gjer det mogleg å drive kjøtt- og eggproduksjon over heile landet
- Nortura betaler det dei kan, medan andre mottakarar av slakt betaler det dei må
- Nortura kjøper slaktedyra deira, uansett overskot eller underskot av slakt
- Nortura gjer det meir interessant å vera sauebonde, med å bidra til eit godt produsentmiljø og fagleg utvikling

Kva er spesielt med Nortura som gjer at dei seier dette? Ta gjerne kontakt med ein sauebonde som er medlem i Nortura og difor leverer slaktedyra sine dit, for å få innspel til svaret på spørsmål 2